

Næringsprospekt

Kommersiell drift av Selje Prestegard:
kafé, overnatting, kultur, reiseliv og
annan næring.



Stad kommune:
Selje, februar 2024



Regionalt pilegrimssenter Selje





Regionalt pilegrimssenter Selje

Ansvarleg drivar til Selje prestegard

Vil du bidra til å skape ein levande prestegard som tek vare på fortida, og som er tilgjengeleg for tilreisande og lokalbefolkning i Selje? I så fall vil vi gjerne snakke med deg og høre dine planar!

Vi trenger ein kommersiell drivar til kafé, overnatting og annan aktivitet i Selje prestegard.



Visjon

Selje prestegard skal vere ein varm, inkluderande stad der alle er velkomne inn: pilegrimar, turistar og bygdefolk. Ein stad der du kjenner deg heime. Eit sosialt samlingspunkt for alle i Selje.



Misjon

Legge til rette for lokal verdiskaping.
Kortreist og ureist.



Regionalt pilegrimssenter Selje

Selje prestegard

Selje Prestegard er kanskje eit av landets mest idylliske freda tun, plassert midt i bygda Selje.

Prestegarden ligg i kort avstand til stranda på Seljesanden, offentleg transport med hurtigbåt og buss, båten til Selja kloster, matbutikk, stopp for cruiseturistar, gjestehamn og sanitæranlegg. Dette er ein naturleg stoppestad for tilreisande.

Bygningane rommar i dag Regionalt Pilegrimssenter Selje, som er eitt av fire regionale senter langs kystpilegrimsleia mellom Egersund og Trondheim. Pilegrimssenteret skal ta imot reisande og legge til rette for samarbeid, historieformidling og næringsaktivitet langs leia.



Regionalt pilegrimssenter Selje



Selje prestegard i dag

Stad kommune leiger prestegarden av Opplysningsvesenets fond (OVF) med formål om bruk til allmennytige formål.

Stad kommune søker ein samarbeidspartner som kan utvikle kommersiell drift av prestegarden til kafé, overnatting og evt. annan næring. Bruken må vere tilpassa dei historiske bygningane og samarbeid med pilegrimssenteret.

Stad kommune har godkjent bruksendring av prestegarden frå bustad til næring.



Selje som reiselivsdestinasjon

Selje er ei lita bygd i sterk utvikling som turistdestinasjon. Selja kloster hadde i 2023 ca. 6000 besøkande med Klosterbåten.

Utvikling av cruisenæringa i Nordfjord dei siste åra bidratt til sterk auke av besøkande.

Det planlagde Seljesanden hotell og Stad skipstunnel vil truleg føre til stor tilstrøyming av reisande til Selje framover.

Formidling av Selja kloster og dei sensasjonelle gravfunna på Seljesanden vil bidra til å setje Selje endå meir på kartet framover.



Regionalt pilegrimssenter Selje

Kva ser vi etter?

Vi ser etter ein kommersiell samarbeidspartner som kan drifte kafé og overnatting, utvikle nye konsept, og fylle prestegarden med aktivitet og energi.

Hovudhuset i prestegarden er frå 1700-talet. Her er det seks soverom regulert for 12 sengeplassar til overnatting, flotte møblerte stover og kjøken tilrettelagt for kafédrift og arrangement. Prestegarden har ein stor hage med fleire freda bygningar som eldhus, skulestove, borgstove og stabbur. Dei eldste bygningane er frå 1600-talet.

Vi ønskjer dine idear til korleis samspelet av desse elementa kan utnyttast kommersielt, og bygge eit konsept for turistar, pilegrimar og lokalbefolkninga.



Kven er du?

Kanskje har du erfaring frå restaurant- og hotelldrift eller annan reiselivsverksemd?

Kanskje har du erfaring frå kulturnærings, kunst eller historieformidling?

Kanskje har du eit konsept knytt til natur og friluftsliv, yoga, retreat eller anna som kan harmonere med pilegrimssenteret og staden?

Kanskje har du idear til annan næring som kan passe inn i det historiske miljøet i prestegarden?

Vi kan tilby....

- Eit unikt historisk miljø i hjartet av turistdestinasjonen Selje.
- Moglegheit for drift av Selje turistinformasjon med tilskot frå kommunen.
- El-syklar til utleige mot vedlikehald av desse.
- Seks soverom med moglegheit for inntil 12 senger med enkel overnatting for pilegrimar og andre, med felles bad (blir oppgradert våren 2024).
- Moderne møteromsfasilitetar for utleige.
- Flotte møblerte stover for kafé drift og utleige til selskap.
- Kjøken og vaskerom. Lån av servise til inntil 20 personar.
- Flygel til konsertverksemd, etter avtale med Venner av Selja kloster.
- Lån av utemöblar og stor hage.
- Drift av nettsida www.seljeprestegard.no
- Deling av faste utgifter etter fordelingsnøkkelen mellom kommunen, pilegrimssentert og kommersiell drivar av prestegarden.
- Tett samarbeid med Selje regionale pilegrimssenter.





Regionalt pilegrimssenter Selje

Vi ser for oss at du...

- Har ein god og realistisk plan for drift av kafé, overnatting og evt. annan næring i Selje prestegard.
- Har kunnskap om lovar og reglar i forhold til næringsverksemd og krav i forhold til mattilsyn, branntilsyn ved overnatting m.m.
- Har erfaring med vertskapsrolla og likar å ta imot folk.
- Er kreativ og ser moglegheiter.
- Har ryddig økonomi.
- Har gode samarbeidsevner.
- Er ein god formidlar og marknadsførar.
- Er ein god historieforteljar.
- Kan legge frem eit gjennomtenkt konsept og budsjett.





Regionalt pilegrimssenter Selje

Send ditt driftskonsept for Selje prestegard innan 18. mars

Vedlegg:

- CV og referansar
- Skatteattest for dei siste tre åra
- Budsjett og økonomiplan

Kontaktperson:

Tonje Ramse Trædal, dagleg leiar Regionalt Pilegrimssenter Selje
E-post: tonje.traedal@stad.kommune.no
tlf. 92 62 95 12

www.seljeprestegard.no


www.pilegrimsleden.no





Regionalt pilegrimssenter Selje


Hovudhuset 2 etg. overnatningsplassar





Regionalt pilegrimssenter Selje

Hovudhuset 1 etg. Kjøken, vaskerom, stover





Regionalt pilegrimssenter Selje



Turistar
1189 personar



Pilegrimar
102 personar



Andre gjestar
2155 personar



Klosterbåtane
6000 passasjerar

Besøkstal 2023 i Selje prestegard







Regionalt pilegrimssenter Selje

Fordeling av besøk i Selje Prestegard gjennom året 2023

Besøk fordelt per veke





Besøk fordelt per måned






















Ringverknader knytt til Stad skipstunnel

På dei neste sidene finn du nokre utdrag frå sluttrapporten til forprosjektet for ringverknader knytt til Stad skipstunnel.

Dette er eit samarbeid mellom Stad Vekst, Vanylven Utvikling og Måløy Vekst. Her finner du ein del talmateriale for besøk i regionen.

På neste side finn du også ei lenke for å laste ned heile rapporten frå sidene til Stad kommune.

Link til heile rapporten finnes på Stad kommune sine sider:
<https://stad.kommune.no/f/p1/i1c8482df-8867-4257-b8e5-c5912a01c134/sluttrapport-ringverknader-stad-skipstunnel.pdf>

Sluttrapport Ringverknader knytt til Stad skipstunnel

FORPROSJEKT

Stad Vekst

Måløy Vekst

VANYLVEN UTVIKLING

G+ E R







Reiselivsstatisikk

I oversikta over reiselivsstatisikk har vi tatt med tala frå Bremanger kommune i tillegg til Kinn, Vanylven og Stad. For besøkande er Bremanger ein naturleg del av destinasjonen rundt Stad Skipstunnel og tilbodet og aktørane i Bremanger og Kalvåg bør vere ein integrert del av arbeidet med å utvikle tilbodet rundt Stad.

I 2022 var det like mange dagsbesøk på cruise som kommersielle overnattingar i regionen. I 2023 er truleg cruise utan samanlikning størst. Den kraftige volumveksten på cruise gjer det mogleg å utvikle og teste ut tilbod som også kan bli ein del av tilbodet til andre besøkande. Veksten i cruisetrafikken kan difor bli eit springbrett til å utvikla destinasjonen om det ikkje går på bekostning av opplevingane til andre besøkande og innbyggjarane.

Tilbodet i regionen er lite utbygd, mange held stengt utanfor sommarsesongen og det er truleg eit større tilbod av private feriehus og hytter enn av kommersielle overnattingsstader som hotell, campingplassar, gjestehamner og tilsvarande.

Gjestedøgn



Kinn

Betydelig færre nordmenn i 2022 førte til en nedgang i gjestedøgn samlet sett. Færre senger på hotellene i august (fra 787 til 747)

Bremanger

Eneste område med økning av nordmenn. Økt overnattings-kapasitet fra 2021 til 2022 (fra 169 rom/leiligheter/hytter til 209 juli)

Stad

Økt overnattings-kapasitet fra 2021 til 2022 (fra 161 rom/leiligheter/hytter til 172 juli – camping og hyttegrend har fått mer kapasitet)

Vanylven og Sande

Vanylven hadde en vekst i gjestedøgn på 6% i 2022 fordi utenlandske gjestedøgn økte med 31%. Kapasiteten var uendret.


Gjestedøgn

Auke frå utlandet.


Stadt og Bremanger doblet antall utenlandske gjestedøgn fra 2021 til 2022.

Veksten totalt sett er lav fordi Kinn hadde ein nedgang på 5 prosent. 54% av gjestedøgna i de 4 kommunene er i Kinn kommune.

Stadt har høgst andel utenlandske gjestedøgn med 35 prosent og står for 30% av samlet.




Cruiseanløp 2019 - 2022 i regionen (prognose 2023)



Prognoser cruise 2023

- Cruiselister på den enkelte havn
- Regne fyllingsgrad på 80-90%
- 80%-90% går i land
- Lågare i hamner som er avhengig av båttransport i land

Cruiseturistar 2019 - 2022 (2023) Nordfjord - Sunnmøre



Gjestene sitt forbruk i regionen

Forbruk turistar med overnatting, dagsbesøkande og cruiseturistar

TALLENE		
RESULTATER		
Gjennomsnittlig antall overnattinger per person	4	
Estimert antall turister	39.193	
Antall overnattinger	156.153	
Estimert døgnforbruk	kr. 901	
Totalt forbruksestimat	kr. 142.558.967	
FORBRUKET I DEN VALGTE REGIONEN FORDELER SEG TYPISK SLIK...		
■ Forbruk pakkereise	9%	
■ Øvrig forbruk	33%	
■ Forbruk transport	25%	
■ Forbruk overnatting	31%	
HVIS DU HAR ANGITT CRUISETURISTER, ESTIMERES DERES FORBRUK TIL:		
Antall besøk	158.446	
Estimert forbruk per besøk	kr. 568	
Cruiseturistene sitt totale landbaserte forbruk	kr. 89.997.328	
HVIS DU HAR ANGITT DAGSBESØKENDE, ESTIMERES DERES FORBRUK TIL:		
Antall besøk	4.257	
Estimert forbruk per besøk	kr. 424	
Dagsbesøkende sitt totale forbruk	kr. 1.804.968	

Forbruk gjestehamner

TALLENE		
RESULTATER		
Gjennomsnittlig antall overnattinger per person	4,4	
Estimert antall turister	3.427	
Antall overnattinger	15.000	
Estimert døgnforbruk	kr. 325	
Totalt forbruksestimat	kr. 4.875.000	
FORBRUKET I DEN VALGTE REGIONEN FORDELER SEG TYPISK SLIK...		
■ Forbruk pakkereise	16%	
■ Øvrig forbruk	33%	
■ Forbruk transport	19%	
■ Forbruk overnatting	32%	

Føresetnader:

60 prosent feriereisande, 40 prosent forretning

Overnattingsgjestar i gjestehamner har tilsvarende forbruk som norske campingturistar.